



Arkivnr: 2019/16801-4  
Saksbehandlar: Helene Moe, Gunnbjørg Austrheim

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019

## Kommunedelplan for kulturminne 2019 - 2023 - Masfjorden kommune

### Samandrag

Kommunedelplane for kulturminne, Kulturminne i Masfjorden 2019-2023, er lagt ut på høyring, med utsatt frist for å komme med innspel sett til 08.11.2019.

Kommunestyret vedtok 13.12. 2016 å starte opp arbeidet med ny kulturminneplan i medhald av plan- og bygningslova 11-12. Føremålet med planen er å auke merksemda og interessa rundt kulturminna i Masfjorden, få ei betre forvaltning av kulturminna, og bidra til at kulturminna i større grad kan brukast og forvaltast som ein ressurs i kommunen. Kommunen vil utarbeide eit handlingsprogram etter høyringsfristen.

I prosjektet «Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016 (KIK)» har Hordaland fylkeskommune etablert ei satsing på lokalt kulturminnevern, som mellom anna inneber utarbeiding av kommunale kulturminneplanar. Dette er ei hovudsatsing i «Premiss: Kultur, Regional kulturplan for Hordaland 2015- 2025» for å styrke lokalt kulturminnevern. Dette er i tråd med nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging, vedteke i kongeleg resolusjon 14. mai 2019, som seier at «Fylkeskommunar og kommunar har ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og gjenbruk.»

Masfjorden kommune har delteke i KIK-prosjektet. Fylkeskommunen har hatt dialog med kommunen ved fleire høve i prosessen.

Etter Fylkesrådmannen si vurdering vil kulturminneplan for Masfjorden kunne verte eit godt grunnlag for å styrke forvaltninga av kulturminne i kommunen når det òg ligg føre ein handlingsplan.

Kva gjeld det materialet som er sendt ut på høyring, vil det med ei inndeling i ulike kulturminnekategoriar med ei kort skildring, samt vurderingar av verneverdi for dei einskilde kulturminna og kulturmiljøa, verte meir tydeleg. Saman med ein handlingsplan vil det kunne bli eit godt reiskap til å styrke kulturminnearbeidet og formidle viktige kulturminne i kommunen. Det må gjerast ei prioritering i høve til kva kulturminne som bør takast vare på og som er viktige i fortellinga om Masfjorden si historie.

Fylkesrådmannen rår til at Masfjorden kommune tek omsyn til merknadene og arbeider desse inn i planen før endeleg vedtak. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde for kommunen i revidering av planarbeidet

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling synest det er positivt at Masfjorden har sendt ut kommunedelplan for kulturminne 2019 – 2023 på høyring, men rår til at kommunen som ein del av planen utarbeider ein handlingsplan som legg føringar for korleis ein skal handtere kulturminna framover.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at kommunen tek til etterretning dei merknadene som Hordaland fylkeskommune har til kommunedelplanen.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling oppmodar Masfjorden kommune til å setje av eigne budsjettmidlar og ressursar til oppfølging av kulturminneplanen og auke eigen kompetanse på kulturminnefagleg rådgjeving.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.10.2019

### *Bakgrunn for saka:*

Kommunedelplan for kulturminne, *Kulturminne i Masfjorden 2019 – 2023*, er lagt ut på høyring. Utsatt frist for å komme med innspel er satt til 25.11.2019. Kommunestyret vedtok 13.12. 2016 å starte opp arbeidet med ny kulturminneplan i medhald av plan- og bygningslova 11-12. Formannskapet i Masfjorden kommune har deretter vedteke å legge forslag til kommunedelplan for kulturminne ut på høyring. Føremålet med planen er å auke merksemda og interessa rundt kulturminna i Masfjorden, få ei betre forvaltning av kulturminna, og oppnå at kulturminna i større grad kan brukast og forvaltast som ein ressurs i kommunen. Kommunen vil utarbeide eit handlingsprogram etter høyringsfristen.

### *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013 – 2016:*

Hordaland fylkeskommune har gjennomført prosjektet «Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016», jf. vedtak i fylkesutvalet 30. januar 2014, PS 14/2014. Prosjektet har lagt til rette for betre samarbeid med kommunane og har vore ei felles satsing for å auke kunnskap og kompetanse. Eit viktig mål for prosjektet har vore utarbeiding av lokale kulturminneplanar i alle kommunane.

Ein kulturminneplan skal avklare to hovudspørsmål: Kva kulturminne som finst i kommunen, og korleis ein tek vare på desse. Gjennom ein kulturminneplan kan kommunane sjølv prioritere og ta stilling til innretninga av lokalt kulturminnearbeid, korleis ein kan nytte kulturminne som ressurs innan verdiskaping, stadutvikling og berekraftig utvikling, samt ha fokus på korleis dei kan integrerast i andre kommunale planar. Kulturminneplanlegging gjev eit meir føreseieleg kulturminnevern og gje meir føreseielege rammer for ny utvikling i kommunen. Fylkesutvalet har gjort vedtak om at alle kommunar bør ha planar som legg tydelege føringar for kulturminneforvaltninga.

### *Fylkesrådmannen si vurdering:*

Hordaland fylkeskommune synest det er positivt at kommunen no har valt å fylgje ein formell prosess som kommunedelplan, då ein temaplan ikkje er like forpliktande.

Masfjorden kommune er ein stor kommune i utstrekning, med lang kystline og store fjellområde. Fjellområda kan grovt delast i to, der eine delen er dominert av kraftproduksjon mens den andre delen er lista som urørt natur. Kommunen har mange kulturminne og kulturmiljø som syner utviklinga frå tidleg busetnad og fram til vår tid. Kulturminna spennar frå små stølshus i fjella, større sjøbruksmiljø langs fjorden der folk har gjort seg nytte av ressursane frå havet, til kraftproduksjon, som framleis gjer seg gjeldande.

Det er tida etter 1700 og fram til andre verdskrig tida som er mest skildra i plandokumentet. Ein viktig del av Masfjordens historie er hendingane under andre verdskrig og innsatsen til motstandsgruppa Bjørn West som hadde base i Matrefjella. Denne historia er mellom anna skildra gjennom Bjørn West-museet på Matre og gjennom den årlege Bjørn West-marsjen.

Utkastet til kulturminneplanen er delt inn i tre delar: Del 1 går gjennom rammene for kulturminneforvaltninga, del 2 i skildrar i korte trekk Masfjorden si historie og nemnar at ein «skal velje ut kva for kulturminne vi skal prioritere i forvaltninga framover». Som ein del 3 vil det på eit seinare tidspunkt bli utarbeida eit forvaltningskart og ein handlingsplan. Vedlagt planen er ei kartlegging av 39 lokalitetar.

I den vedlagte kartlegginga av lokalitetar har kommunen kort skildra kulturminna og kulturmiljø. Denne lista er delvis kategorisert ut frå geografisk plassering, men kunne etter fylkeskommunen si vurdering med fordel ha vorte inndelt etter ulike kulturminnekategoriar, som til dømes kulturminne frå eldre tider; kystkultur, sjøbruksmiljø og fiske; kyrkjer, bedehus og offentlege bygg; tekniske og industrielle kulturminne; og forsvars- og krigsminne.

Vidare har dei opplista kulturminna/kulturmiljøa berre delvis fått ei vurdering av verneverdi, noko som kommunen bør arbeide vidare med.

Både med ei inndeling etter kulturminnekategori og med vurderingar av verneverdi, vil planen verte meir tydeleg, og det vil kunne gjere det lettare å lage ei prioritering i høve til kva kulturminne som bør takast vare på og kva som er viktig i fortellinga om Masfjorden si historie. Det vil òg kunne gjere det lettare å lage ein god handlingsplan.

I sitt fråsegn til kommuneplanen sin arealdel hausten 2018 rådde Hordaland fylkeskommune mellom anna til at ein lista opp dei områda som har omsynssone H570 bevaring av kulturmiljø. Tilsvarande kan kommunedelplanen for kulturminne med fordel vise til ei slik liste.

Når kommunen har definert nærare kva for kulturminne som ein meiner har særleg verdi, bør desse òg bli kartfesta i kulturminnedatabasen Askeladden. Kommunen kan òg velje å leggje inn i Askeladden alle dei 39 lokalitetane som er kartlagde i vedlegget til planutkastet.

Det er uklart om kommunen har hatt ei tverrfagleg arbeidsgruppe for planarbeidet, og korleis ulike aktørar har vore involvert i prosessen. Dokumentet bør difor innehalde meir konkret informasjon om medverknad.

Når det gjeld den handlingsplanen som kommunen skal utarbeide, bør den ha gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar for kulturminne i Masfjorden. Vidare bør ein handlingsplan ha tiltak for å støtte private eigarar av kulturminne, sikre lokale kompetansemiljø på bygningsvern/kulturminne, og få fleire omsynssoner for prioriterte kulturminne inn i kommuneplanen sin arealdel. Handlingsplanen bør òg implementere sakshandsamingsrutinar for kulturminne.

Ved å auke eigen kompetanse i kommunen kan ein styrke kulturminneforvaltinga , mellom anna med rådgjeving til grunneigarar om vedlikehald av bygningar og informasjon om tilskotordningar.

#### *Forslag til vedtak:*

- 1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling synest det er positivt at Masfjorden har sendt ut kommunedelplan for kulturminne 2019 – 2023 på høyring, men rår til at kommunen som ein del av planen utarbeider ein handlingsplan som legg føringar for korleis ein skal handtere kulturminna framover.*
- 2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at kommunen tek til etterretning dei merknadene som Hordaland fylkeskommune har til kommunedelplanen*
- 3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling oppmodar Masfjorden kommune til å setje av eigne budsjettmidlar og ressursar til oppfølging av kulturminneplanen og auke eigen kompetanse på kulturminnefagleg rådgjeving.*